

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 06.01.17
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Rapport frå prosjekt Odda sjukehus**

STYRESAK: 7/17

STYREMØTE: 13.01.17
5 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende rapporten på høyring før endeleg handsaming

Bakgrunn for saka

Prosjektet for Odda sjukehus er ei vidareføring og utviding av prosjektet Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019). Prosjektet er eigd av administrerande direktør i Helse Vest RHF og administrerande direktør i Helse Fonna HF.

Det opprinnelege prosjektet blei organisert med ei prosjektgruppe for Stord sjukehus og ei prosjektgruppe for Odda sjukehus. Arbeidet starta i mars 2016. Prosjektet for Stord sjukehus leverte sluttrapport i juni 2016, rapporten blei sendt på høyring og blei deretter behandla i styret i Helse Fonna i oktober 2016 og styret i Helse Vest i desember 2016. Prosjektet for Odda sjukehus blei utvida og forlenga ut hausten 2016.

Begge prosjektgruppene hadde i mandat å bygge på omtalen av lokalsjukehusa og deira rolle i Nasjonal helse- og sjukehusplan. Undervegs i prosjektperioden blei helse- og sjukehusplanen behandla i Stortinget 17. mars og i føretaksmøtet 4. mai 2016. Stortingets vedtak og føringar i føretaksmøtet blei lagt til grunn for prosjektet. Prosjektet for Odda sjukehus fekk mandatet utvida til å sjå på heile verksemda ved sjukehuset. Prosjektrapport blei levert til prosjekteigarane 31.12.16.

Mandat

Det utvida mandatet til prosjektet for Odda sjukehus har vore:

Prosjektet blir utvida til å gjelde heile verksemda ved Odda Sjukehus.

Prosjektperioden blir utvida til utgangen av desember 2016.

Prosjektgruppa blir utvida med to representantar frå Odda sjukehus og ein frå prehospitala tenester i Odda. Representasjon frå kommunane blir utvida med representantar til arbeidsgrupper.

Sekretariatet blir utvida med ein representant frå Helse Fonna HF. Ekstern konsulentbistand blir vurdert etter behov.

Prosjektet skal i det vidare arbeid særleg fokusere på:

- Tilboda ved Odda sjukehus må vere innretta mot dei pasientgruppene som kan og bør få eit spesialisthelsetenestetilbod lokalt i Odda
- Utvida samarbeid med kommunane for å styrke tilbodet til befolkninga. Tilboda må i størst mogleg grad tilfredstille kommunehelsetenesta sine behov.
- Ytterlegare utgreiing og kartlegging av fakta som grunnlag for planlegging og dimensjonering
- Avklaring av akutt tilbodet ved Odda sjukehus
- Prehospitala tenester som del av den akuttmedisinske kjeda

I tillegg gjeld mandatet og prosjektdirektivet for prosjektet Odda og Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

Arbeidet skal bygge på omtale av lokalsjukehusa og deira rolle i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019). Prosjektet skal medverke til å utvikle eit framtidretta og trygt tenestetilbod ved Odda og Stord sjukehus der nærleik, tilgjengelegheit, at ein blir møtt med omsorg og respekt står sentralt. Tenestene skal vere trygge og av høg kvalitet. Prosjektet skal også fokusere på korleis dei ressursane som er lokalisert til sjukehuset blir effektivt utnytta.

Nasjonal helse- og sjukehusplan er ein viktig del av regjeringa sitt arbeid for å skape pasientens helseteneste. Planen skal sikre trygge sjukehus og betre helsetenester, uansett kvar du bur. Nasjonal helse- og sjukehusplan gjeld for perioden 2016-2019, men beskriv og drøftar utviklingstrekk fram mot 2040. Nasjonal helse- og sjukehusplan har sju hovudområder og mål:

- Styrke pasienten
- Prioritere tilbudet i psykisk helse og rusbehandling
- Fornye, forenkle og forbedre helsetjenesten
- Nok helsepersonell med riktig kompetanse
- Bedre kvalitet og pasientsikkerhet
- Bedre oppgavedeling og samarbeid mellom sykehusene
- Styrke akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus

I protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF, krav og rammer for 2016, heiter det:

«Forslaga som er lagt fram i Meld. St. 11 (2015-2016) Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016 – 2019) vil få stor innverknad på helseføretaka. Stortinget skal behandle meldinga våren 2016. Styra i dei regionale helseføretaka må gjere seg kjent med innhaldet og starte arbeidet med å førebu verksemdene på forslaga som ligg i Nasjonal helse- og sjukehusplan, mellom anna ved å samle inn data og førebu dialog med kommunane.»

Mål for prosjektet

Mål for prosjektet er å finne løysingar som sikrar eit framtidsretta og trygt tenestetilbod, med god fagleg kvalitet og pasienttryggleik, samtidig som ein sikrar effektiv ressursutnytting innanfor dei økonomiske rammer som gjeld for helseføretaket.

Den utvida prosjektgruppa er leia av Helge Bryne (Helse Vest RHF) med følgjande deltakarar:

Haldis Økland Lier, fagdirektør Helse Fonna HF
Berit Haaland, klinikkdirektør Helse Fonna HF
Ingunn-Olin Haugen, seksjonsleiar somatikk Odda sjukehus/Helse Fonna HF
Trond Dyngeland, overlege kirurgisk avdeling Odda sjukehus/Helse Fonna HF
Hans Burchardt, overlege medisinsk avdeling Odda sjukehus/Helse Fonna HF
John Olav Digranes, seksjonsleiar Prehospitale tenester
Roald Aga Haug, ordførar Odda kommune
Daniela Brühl, kommuneoverlege Ullensvang herad
Randi Guddal, føretakshovudverneombod Helse Fonna HF
Anne Cathrine Skaar, føretakstillitsvalt DNLF
Arvid Storgjerde, klinikkstillitsvalt Fagforbundet
Else Berit Ingvaldsen, Regionalt brukarutval
Kåre Ystanes, Brukarutvalet Helse Fonna HF
Wenche Evensen, Brukarutvalet Helse Fonna HF (ikkje deltatt i arbeidet)
Ingvill Skogseth, seniorrådgivar Helse Vest RHF

Prosjektgruppa blei utvida med fleire deltakarar med arbeidsstad ved Odda sjukehus og lokal brukarrepresentant, i tillegg til brei lokal representasjon i den opphavslege gruppa. Dette blei

gjort for imøtekomme eit sterkt engasjement og for å sikre at ulike synspunkt blei gjort kjend. Prosjektgruppa har hatt fire prosjektmøte i Odda i perioden september - desember 2016.

Arbeidsgrupper blei oppretta for å løyse konkrete arbeidsoppgåver. Arbeidsgruppene har vore underlagt og levert tilrådingar til prosjektgruppa. Mandat og deltakarar i gruppene går fram av vedlegga 9, 10 og 11. Arbeidsgrupper har vore knytt til følgjande tema:

- Tilbod til pasientgrupper som har behov for spesialisthelsetenester ofte, mykje og nært (desentraliserte poliklinikkar, dag- og døgntilbod)
- Samarbeid mellom kommunar og Helse Fonna om tilbod innan somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling
- Dagkirurgisk tilbod
- Akutttilbod

Sekretariatet har bestått av:

Hilde Rudlang, Helse Vest RHF
Ingvill Skogseth, Helse Vest RHF
Haldis Lier Økland, Helse Fonna HF
Bente Aae, Helse Vest RHF (kommunikasjon)
Terje Beck Nilsen, Helse Vest RHF (analyse)
Helge Torgersen og Lene Lunde, Deloitte

Prosess

Det er gjennomført følgjande analysar i prosjektet:

- Pasientgrunnlag/forbruksmønster - grunnlag for planlegging og dimensjonering (Analyser av det samla forbruket av sjukehus tenester for befolkninga i kommunane i Odda sjukehus sitt opptaksområde, og vurdere grunnlaget for framtidige desentraliserte spesialisthelsetenestetilbod innanfor ulike fagområde, ved Odda sjukehus for innbyggjarane i kommunane Odda, Ullensvang og Jondal).
- Analyse av storbrukarar av sjukehus tenester
- Gjennomgang av akuttinnleggingar/akuttoppdrag (journalgjennomgang)

I tillegg har prosjektet gått gjennom prehospitale tenester i Odda-området og data for vegstengingar.

Prosjektgruppa har hatt fire prosjektmøte i Odda i perioden september - desember 2016.

Tilrådingar

Prosjektgruppa har samla gitt tilråding i 7 punkt.

1. Sjukehus i nettverk

Helse Fonna må framover legge stor vekt på å utvikle ein felles kultur - «vi-haldning» - i eit samla Helse Fonna. Sjukehusa i helseføretaket skal fungere saman i eit forpliktande nettverk både fagleg og organisatorisk. Innføring av felles ventelister er eit viktig tiltak i denne samanhengen.

Odda sjukehus skal inngå i ei samla spesialisthelseteneste i Helse Fonna, og vareta eit trygt og godt tilbod til befolkninga i sjukehusområdet saman med Haugesund sjukehus, Haukeland universitetssjukehus og dei prehospitale tenestene.

2. Samarbeid mellom kommune og sjukehus innan somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling

Kommunane og Helse Fonna må inngå eit forpliktande samarbeid for å sikre tilbodet til pasientane som har behov for tenester frå begge nivåa, innanfor både somatikk, psykisk helsevern og rusbehandling. Kommunale øyeblikkeleg hjelp-senger og interkommunal legevakt må vidareutviklast. Desse tenestene bør vere lokaliserte til Odda sjukehus. Vidareutviklinga må sjåast i samanheng med at dei kommunale ØH-sengene i 2017 også skal tas i bruk innan psykisk helse og rus.

Ein forpliktande avtale mellom kommunane og Helse Fonna om desse tenestene bør vere på plass i 2017, og arbeidet må starte opp første halvår. Odda kommune bør vere initiativtakar.

3. Spesialisthelsetenester ofte, mykje og nært

Det ligg til rette for utvida poliklinisk tilbod ved Odda sjukehus. Basert på analysane av pasientane sine behov og gjennomgangen i prosjektet, må Helse Fonna utarbeide ein konkret plan for utviding av dei polikliniske tenestene. Det kan vere i form av ambulerande spesialistar eller privatpraktiserande avtalespesialistar. Det er ein føresetnad at polikliniske tenester innan øyre-nase-hals, inkludert høysesentral, inngår i planen.

4. Dagkirurgiske tenester

Analysane og gjennomgangen i prosjektet viser at det er aktuelt å utvide den dagkirurgiske aktiviteten ved Odda sjukehus innanfor fleire fagområde, til dømes ortopediske inngrep (m.a. kne- og skulderinngrep) og grå stær-operasjonar og augeløkkoperasjonar. Helse Fonna må sjå samla på den dagkirurgisk aktiviteten innan alle fagområda, og på fordelinga av dagkirurgitilbodet mellom sjukehusa i helseføretaket.

5. Bemanning, rekruttering, kompetanse

Helse Fonna må delta aktivt i arbeidet med å implementere ny ordning for spesialistutdanning for legar, og i eit langsiktig perspektiv styrke utviklinga av breiddekompetanse, som er særleg viktig for dei mindre sjukehusa. Tiltak for å sikre anna helsepersonell vil også vere viktig.

Det er viktig for den framtidige spesialisthelsetenesta ved Odda sjukehus at det blir lagt til rette for ambuleringsordningar innan dei spesialitetane der befolkninga har eit avgrensa behov for tenester. Gjensidige hospiterings- og rotasjonsordningar, og å legge

til rette for vidareutdanning, er viktige verkemiddel for fagutvikling og betre samhandling mellom sjukehusa i Helse Fonna. For å utvikle måten å rekruttere på til Odda sjukehus, bør Helse Fonna vidareføre det gode arbeidet som blir gjort lokalt i dag, og i tillegg sjå til eksempel frå andre små sjukehus.

6. Stadleg leiar

Ordninga med stadleg leiar ved Odda sjukehus må vidareførast. Det blir tilrådd at stadleg leiar skal inngå i leiargruppa i helseføretaket. Organiseringa av gjennomgåande klinikkstruktur vidareførast.

7. Teknologiske løysingar og digital kommunikasjon

Dei store regionale IKT-satsingane skal mellom anna sikre effektiv og trygg utveksling av pasientinformasjon mellom einingane internt i spesialisthelsetenesta, mellom spesialist- og kommunehelsetenesta og med pasientane. Dette legg grunnlaget for betre samarbeid og nettverk på tvers av einingar. Alle sjukehusa skal bidra aktivt i utviklings- og implementeringsarbeidet knytt til IKT-satsingane. Helse Fonna vidareutviklar bruken av telemedisinske løysingar.

Akuttkirurgisk verksemd

Når det gjeld tilråding om den akuttkirurgiske verksemda ved Odda sjukehus, er prosjektgruppa delt. 4 medlemmer tilrår å avvikle akuttkirurgisk verksemd, medan 11 medlemmer tilrår å oppretthalde akuttkirurgisk verksemd. Argumenta kjem fram av rapporten. I tillegg har deltakarar frå prosjektgruppa lagt ved eit eige skriv som er lagt ved saka.

Administrerande direktør si tilråding

Administrerande direktør har informert tillitsvalde og vernetenesta om innhaldet i rapporten. I tillegg har det vore eit møte med alle medarbeidarar i Odda før rapporten blei publisert 06.01.17.

Administrerande direktør tilrår at rapporten blir sendt på høyring før endeleg handsaming. Administrerande direktør planlegg at styret i Helse Fonna HF får rapporten til handsaming på styremøtet 07.03.17. Rapporten vil seinare bli handsama av styret i Helse Vest RHF.

Vedlegg

- 1 Prosjektrapport Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019)
- 2 Rapportvedlegg
- 3 Brev frå ordførar i Odda
- 4 Kommentar frå prosjektdeltakarar
- 5 Kommentar frå overlege Trond Dyngeland